

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Måndag 18.12.17 kl 10 – kl 12.15
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Bjørn Arne Skoglund, Birgitte Rørvik Bruun, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Bente Børsheim, Merethe Sund og Arne Flatmo (vara for Svein Inge Jakobsen)
Forfall: Svein Inge Jakobsen
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 18.12.2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styremøtet 11. – 12. desember</p> <p>Merethe orienterte om konsernrapport: Utfordring med overgang til framskutt lager, pakking i papp, auka sortiment ved kundetilpassa produkt, lager, utgått liggetid, m.m. Veldig ambisiøst budsjett. Tiltak må setjast i verk. Større grad av produksjon etter bestilling og ikkje berre prognose. Eksportmogelegheitene for sau og gris vert sett nærare på.</p> <p>Storfe: Reguleringslager. Sau/lam: Maks grense på 3 500 tonn for lager er nådd, noko skore ned. Gris: Reguleringslager, signal om auka produksjon i 2018 og difor må vektgrense reduserast. Egg: Nedbygging av reguleringslager. Godkjenning for 1 000 tonn i førtidslakt.</p> <p>Leveringsvilkår: Behandla i fagutvala. Stor konkurrans på storfe og gris på sørvestlandet. Storferrådgeving: Innspel om auka bemanning i nokre regionar, må sjåast i tilknytning til Nortura sin økonomiske situasjon. Region Nord vert prioritert.</p> <p>Kylling: Transportstøtte til kylling mot jordbruksoppgeret, i samarbeid med Bondelaget. Må auke salet. Opna for omstilling av 10 produsentar, og kjøpast ut enkeltinnsett, primært i Midt-Norge.</p> <p>Strategiplan, NOVA, merkevarestrategi, Noridane og dyrevelferd var også tema i styremøtet.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Kven eig varene ved framskutt lager?• Kvifor utsetjingar med cap tech? Rykter om at Lidl er på veg inn att i den norske marknaden.• Storfe: Er sviktande sal årsak til lageroppbygginga? Fortsatt import?• Har vi henta ut meirpris hos kjedene for kostnaden med overgang til papp?• Korleis vil redusert avrekningspris slå ut for konkurransen? Verknad for ulike dyreslaga?• Bekymra for redusert marknadsføring og avrekningspris. Er bemanningsreduksjon vurdert?• Kva vil det seie at maks grense på 3 500 tonn for reguleringslager for sau/lam er nådd? <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering</p>	
2	<p>Evaluering av regionutvalsmøtet 7. - 8. november</p>	

Oppsummering av evalueringsskjema var utsendt, og Brit Kari orienterte.

Spørsmål/kommentarar:

- Kva gjer vi for å auke oppmøtet/reducere forfallet til RU-møta?
- Infoen til RU er veldig tydeleg på at det må meldast forfall.

Vedtak: AU tek evaluering til orientering

3 **Oppfølgingsrapport frå regionutvalsmøtet**

Oppfølgingsrapport var utsendt, og Brit Kari orienterte. Vert utsendt til regionutvalet etter AU-møtet.

Vedtak: AU tek oppfølgingsrapporten til orientering

4 **Dyrevelferd**

Innspela frå gruppearbeidet i regionutvalsmøtet var utsendt.

Kommentarar:

- Det vi har av kvalitetssikring for dyrevelferd er ikkje godt nok. Vi må kome i førarsetet, ikkje vente på kjedene.
- På gris er det forslag om 1-2 obligatoriske besøk i slaktegrisbesetningane.
- Tettare oppfølging av rådgjevarar i fjøset er ynskjeleg, men utfordrande pga avstandar. Færre i adm og fleire rådgjevarar?
- Faggruppe gris har bestemt at alle som driv med gris skal ha besøk minst ein gong pr år. I løpet av fyrste halvår skal alle med slaktegrisproduksjon ha besøk. Problemstilling i kva grad varemottakar kan kreve å kome på besøk.
- Må vere mogeleg for varemottakar å kreve adgang til fjøset, og opp til meg å nytte meg av tilbod om rådgjeving.
- Dyrebilsjåfør er ein risiko med tanke på smitte, og skal ikkje inn i fjøsen. Mogeleg at slaktegris også skal verte Helsegris, med to pålagde besøk.
- Dyrevelferd, i tillegg til livdyrformidling, kan vere tema på RU-møtet.

Brit Kari

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

5 **Orientering frå separate møter for dyreslaga i regionutvalsmøtet, samt frå fagutvala**

Ragnhild orienterte om siste fagutvalsmøte på småfe. Drøfta innspel til jordbruksforhandlingane med m.a. auka bruk av beite og utmarksbeite med tilskot til bruk av elektroniske hjelpemiddel, samt avgrensing av dyretilskot. Lagersituasjonen. Sikrere prognoser vha lammeringsleiarar. Avtale for levering av sau. Eigen varestraum for ung sau. Verdikjededokumentet ser for lite framover. Ulike marknadsreguleringstiltak.

Bjørn-Arne orienterte frå tlf møte i fagutval egg. Eggproduktfabrikken går så det susar med pannekaker, skal produsere sveler. Vert truleg ikkje prisoppgang. Fleire som ynskjer ombygging til frittgåande.

Fred-Tore orienterte frå fagutval storfe, med bekymring for overproduksjon med taktauken på mordyr. I Nord-Norge er ikkje veksten like stor. Fagutvalet meiner det ikkje er grunn til å bremse på planlagde prosjekt som i region Nord. Diskusjon om redusert pris og tilleggsytingar.

Bente orienterte frå fagutval gris, der dyrevelferd er hovudfokus. Fokus på rådgjeving, og informert om i brev til alle svineprodusentane. Slaktegrisproduksjonen har vorte meir krevjande. Norsvin må setje fokus på avlen. Fagmøterunder med fokus på dyrevelferd og korleis handtere halebiting. Jobbar med griseløftet, lansering truleg til hausten, med dyrevelferd og antibiotikafritt som vilkår. Premiering diskutert, samt pris og tiltak i samarbeid med kjedene.

Birgitte orienterte om at livdyrformidlarane ikkje lenger skal sitje på innmeldingssløyfa. Oppfordra Bente til orientering frå fagsamling med rådgjevarar og livdyr. Fokus der på at det må kunne etablerast eit SMS-infosystem. Få ut info om kva er fordelene ved å velge

livdyrformidlinga, kva bonden kan gjere for tilrettelegging, samt viktig å melde frå når behov er endra. Arne supplerte med at det skal etablerast liste som rådgjevarane kan sende ut SMS til.

Spørsmål/kommentarar:

- Verdikjedeanalysen for egg var meir framoverlent enn for dei andre dyreslaga.
- I Alta er Horn på jakt etter livkalv. Transport denne veka til Troms. Kva gjer vi og kor stort er antalet? Konsekvensar i fht ku/kalv-avtalen må opplysast om.
- Korleis kommunisere at vi skal redusere trykket på storfeetablering, men ikkje i region Nord?
- Utdorring med marknadsføring av gris som har vore behandla med antibiotika?
- Korleis går vaskinga av livdyrlistene for seg?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

-
- 6 **Møteplan 2018**
Forslag var utsendt.

Innspel:

- Møte 26. april ved behov.
- Ynskjer Skype-innkalling til møta.

Brit Kari

Vedtak: AU vedtek møteplan 2018

-
- 7 **Kretsmøteplan**
Kretsmøteplanen var utsendt, og Brit Kari orienterte.

Vedtak: AU tek kretsmøteplanen til orientering

-
- 8 **Orientering frå råvare og medlem region Nord**
Arne orienterte om tilførslane pr veke 49. Bjerka: Auke på 2 000 gris, 1 000 storfe (noko frå Trøndelag), 7 000 småfe meir enn i fjor. Forventar redusert slakting av småfe på nyåret. Målselv: Reduksjon på 2 000 gris, 500 småfe, auke på 1 000 småfe. Karasjok: 150 storfe færre og 150 småfe meir. Gris stabilt. Horns: Auke 2 000 småfe, 175 storfe, reduksjon på 800 gris.

Kalv i Finnmark: Forprosjekt-møte i Alta 9. januar og Karasjok 10. januar. Bruke delar av møtet til info om vår livdyrformidling. Jobbar med å kartlegge omfanget av formidlinga og transporten ut av Finnmark.

Spørsmål/kommentarar:

- Kor mykje rein er slakta i Karasjok?
- Kva gjer vi for å auke tilførslane?
- Viktig med rådgjeving til produsentane med dårleg kalv.
- Lage plansje om livdyrtransport og kvifor velje livdyrformidlinga på kretsmøta.

Brit Kari

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering

-
- 9 **Eventuelt**
- Ynskjer presentasjon/gjennomgang av nye produkt på RU-møtet.
 - På nettsidene har det vore lagt ut informasjon om produkt i dei ulike kjedene. Ynskjer at produktnyheiter vert presentert, samt kva butikkar dei finnst i.

Brit Kari